

Aktivitetsplan 2006

Arrangement	Dato	Mnd	Ansvarleg
Sesongavslutning	13. juni		Johanne m/ horn og tromboner
Stormfestival	8. -10. sep		Hovedkomite
Basar	22. okt		Styret
Øvingshelg	3. 4. og 5. nov		Styret - noteutval
S. og Fj. Meisterskap	18. nov		Styret - noteutval
Julegrantenning Vågsvåg	3. des		Styret
Julekonsert	17. des		Noteutvalet
Juletreffest	28. des		Eli, baryton, euphonium
Nyttårskonsert	6. jan		Erling, bass, slagverk, kornettar

Holvik på Silda-tur Siste helga i mai var Holvik Skulekorps på tur til Silda. Det vart fising, bading, tube-køyring, grilling, speling og marsjering. Silda er ein fin plass, og alle hadde ei kjekk helg. Ovrnatting var på skulen.



På kryss og tvers med VG

Prøv VG-kryss Vannrett:
 1. Ikke singel, men...
 5. Viktig til syng
 6. Veggteppe
Loddrett:
 1. Reis opp
 2. Papir
 3. Treng nåla
 4. Trøndersk dansegruppe

	1	2	3	4
1				
5				
6				

God sommar Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 6

13. årgang

Laussal: Gratis

juni/juli 2006



Korpsveteranen vart rørt

Korpsmannen Arne Torskangerpoll vart rørt til tårer då familie, vener, naboar og bygdefolk møtte opp saman med Torskangerpoll Musikklag for å heidre han på sin 75-års-dag. Det vart ei flott markering på grendehuset i Vågsvåg med 80 gjester. Korpset spelte. Sigmund Haugstad stilte med flott prolog, og fleire andre heidra jubilanten. Og ikkje minst var søstrene Sigrud og Rigmor med på å gjere dette til ein stor dag både for Arne og kona Aasta.



www.torskangerpoll.no

Triveleg korpstur til Sogn med besøk på saftfabrikk



Pinsehelga var Torskangerpoll Musikklag på korpstur til Sogndal, Gudvangen og Flåm. Vi budde i Sogndal og hadde ei flott helg med fleire konsertar, besøk på Lerum og masse flott natur. Spesielt vart turen med Flåmsbana ei stor oppleving.



Opna nordsjøløypa

Ordførar Roger B. Silden var med å opne Nordsjøløypa mellom Vågsberget og Oppedal. Det skjedde under den svært vellukka kystfestivalen i Vågsvåg i pinsa. Trass regn og vind, vart det eit flott arrangement med mykje folk.



17. mai-glimt

Sol og strålende temperatur laga ei flott ramme rundt nasjonaldagen i Vestre Krets. For musikantane i Holvik Skulekorps og Torskangerpoll Musikklag vart det ein hektisk dag med speling frå morgon til kveld. Her viser vi nokre bildeglimt frå den flotte dagen. Nede til høgre ser vi aspirantane i Holvik Skulekorps som stilte i uniform for første gong. Her er glimt frå dagen.

